UTDANNINGS FORBUNDET
Stranda

Møtepapir, årsmøte
Utdanningsforbundet Stranda
10. April 2024 kl. 18-20

Opning ved lokallagsleiar, Per Johan Alnes

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

Innkalling vart sendt ut til klubbar og medlemmane 21. Mars 2024, innan fristen minimum to veker før årsmøtet, jf. Vedtektene §57.4.

Innstilling til vedtak: Innkallinga vert godkjend.

1.2. Val av dirigent

1.3. Val av referentar

1.4. Val av protokollunderskrivarar

1.5. Godkjenning av sakliste

Sak 1 Konstituering
- 1.1. Godkjenning av innkalling
- 1.2. Val av dirigentar
- 1.3. Val av referentar
- 1.4. Val av protokollunderskrivarar
- 1.5. Godkjenning av sakliste
- 1.6. Godkjenning av møtereglement
- 1.7. Godkjenning av valreglement

Sak 2 Behandle årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret for 2023
- 2.1 Årsmelding 2023
- 2.2 Rekneskap 2023

Sak 3 Vedta retningslinjer for arbeidet i følgjande årsmøteperiode

Sak 4 Behandle budsjett

Sak 5 Behandle saker innmeldt frå medlemmar og klubbar innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

Sak 6 Val
- 6.1. Val av tillitsvald etter hovudavtalen i KS
- 6.2. Val av nestleiar i lokallagsstyret

6.3. Val av to medlemmar til lokallagsstyret
6.4. Val av varamedlemmar til lokallagsstyret
6.4.1. Val av 1. vara

6.5. Val av valnemnd
6.5.1 Val av valnemnd

Innstilling til vedtak: Saklista vert godkjend.

1.6. Godkjenning av møtereglement

- Alle medlemmer av lokallaget kan møte på årsmøtet med tale- og stemmerett (allmøte), inkludert pensjonistar, men ikkje studenter (dei er organisert i eigen studentorganisasjon).
- Lokallagsleiar opnar møtet og dirigent leiar møtet.
- Årsmøtedeltakarar som ønsker ordet, gir melding om dette.
- Årsmøtedeltakarar som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks. Dirigent kan avgrense taletid om nødvendig.
- Ved votering er forslaget som får flest stemmer vedtatt. Dersom forslag får likt antall stemmer, skal det avgjerast ved loddtrekning.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjend.

1.7. Godkjenning av valreglement

Vala gjeld for to år med virkningsdato fra 1. august etter årsmøtet, så sant ikkje anna ordning blir vedtatt av årsmøtet forut for vala.

Alle val skal vere skriftlige. Møteledaren kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open avstemming, dersom det er eit einstemmig forslag frå valnemnda og ingen andre forslag førelegg.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er fremma forslag på og som har sagt ja til å stille til val. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta.

Kandidatar som det er fremma forslag på, er:

1. Forslag frå valnemnda (pkt. 1 – 6 og 8-9) / lokallagsstyret (jf. pkt. G)
2. Kandidatar som det vert fremma forslag på under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

Blank stemmesetel blir rekna som gitt stemme.

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjend.

Sak 2 Behandle årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret for 2023

2.1 Årsmelding 2023

Vår 2023
På vårt fyrste styremøte i 2023 blei det fokus på fylkesårsmøte i Geiranger og planlegging av årsmøte for lokallaget. I år med fylkesårsmøte må årsmøte føregå innan utgangen av mars. Dato blei satt til 7. mars og valnemnda vart informert.

Lokallagsleiar, Per Alnes og HTV, Siril Ryssevik, blei sendt på kurs i økonomi og ny reiserekning-app som ber namnet "Agresso –Innlogging" til Utdanningsforbundet sine tjenester. Det blei bestemt at i løpet av 2024 vil ATV òg bli kursa i dette.

KS politiske debatthefte var ei av sakene styret jobba med våren 2023. Målet var å påverke politikarane våre i kommunen. Resultatet blei at vi fekk til eit godt resultat som låg litt høgare enn frontfaga.

10. februar var det nettverksmøte i Sula som Siril Ryssevik, HTV, og Susanne L. Rødseth, nestleiar, deltok på. Der fekk dei møtt tillitsvalte frå dei andre lokallaga i nettverket. Dette er ein god arena til å få diskutert dei sakene vi står i.

7. mars vart årsmøte gjennomført på Stova. Oppmøtet var godt, maten var god og det var fruktbare diskusjonar og nyttige innspel som vi tok med oss vidare. Håvard Moe som var nestleiar i fylkesstyret hadde eit innlegg om streik, lønskamp og strategi opp mot politikarar og KS.

9.- 11. mai var det fylkesårsmøte i Geiranger. Delegatane frå Stranda var Per Alnes, lokallagsleiar, og Siril Ryssevik, HTV. Styret hadde sendt inn to saker til fylkesstyremøtet i Geiranger.

1. Behovet om kompetansestige i barnehage.
   - Det blei òg fremma frå andre lokallag og sendt vidare til landsmøte i Lillestrøm 6.-9. november 2023.

2. At ein skal jobbe for at ein skal ha lærarutdanning for å arbeide i skulen.
   - Kvaliserte lærarar.

Paul Ivar Pedersen frå vårt lokallag stod på val til fylkesleiar. Ina Enoksen frå UDF Ålesund vart vald.

Haust 2023
Styret som vart vald på årsmøte 7. mars 2023 tredde i kraft 1. august 2023. Første styremøte vart gjennomført i Geiranger 7.-8. september. Tema for styremøtet var å arbeide med årshjulet til lokallaget, økonomi, fordele roller i styret, samt informasjon frå HTV.

26. september var det gjennomført ATV-møte på Stova. Temaet var ATV-undersøkelsen og tilbakemeldingar på den, informasjon om arbeidet til styret, opplæring i Agresso og info om komande ATV-kurs frå hausten 2023 som det er viktig at ATV-erar får delta på.

19. oktober deltok Bente Hole på Kontaktforum for grunnskule i Vestnes. Dette var det første kontaktforumet i ny fylkesstyreperiode og representantar frå 22 lokallag møttest for å diskutere aktuelle saker. Før neste kontaktforum som er 25. april 2024, vil vi be ATV-erane om å gje innspel på saker som dei ønsker skal bli tatt opp i kontaktforum. Det kan vere spørsmål ein har om korleis andre skular eller kommunar løyser saker, juridiske spørsmål eller saker ein er oppteken av.

Same dag var det og arrangert Kontaktforum for barnehage. Der deltok Bodil T. Lie. Formålet er å styrke dialogen mellom det som skjer ute i barnehagane og dei ulike organisasjonsledda.

26.- 27. oktober var det nettverksmøte i Valldal. Siril Ryssevik, HTV, og Susanne L. Rødseth, nestleiar, deltok. Vi var på besøk til Linge Gartneri der vi fekk smake på god sider og ost. I tillegg fekk vi drøfta mange saker, bl.a. praktisering av SGS1010, forventningar til ATV, frikjøp, og lokale forhandlingar.

14.- 15. november vart Barnehagekonferansen arrangert i Ålesund. Vi fekk til å sende tre representantar, Bodil T. Lie, Helge Tryggestad og Karoline Emdal. Lokallaget dekte utgiftene til kursavgifta og opphald, mens kommunen gav alle tre permisjon med løn. I etterkant vart det halde medlemsmøte for alle tilsette i barnehagane, der alle fekk eit innblikk i kva som var tema på konferansen.

Samla har styret handsama 47 saker i 2023. Mykje av arbeidet har handla om å få eit godt organisert og oppdatert årshjul. Dette vil gjere økonomien meir føreseieleg, samtidig som ein kan vere godt budd på t.d. påverknadsarbeid og andre oppgåver i løpet av året. Dette vil òg gjere det lettare for nye medlemmar av styret å orientere seg. Dette arbeidet vil fortsette framover.

Arbeid til hovudtillitsvald (HTV) i Stranda kommune
HTV har gjennom året hatt jamnlege samarbeidmøter med Stranda kommune. Ein gong i månaden har det vore møter med HTV frå alle fagforeinings-organisasjonane og kommuneleiinga. Ein gong i månaden er det også samarbeidsmøte mellom HTV Utdanningsforbundet, HTV Fagforbundet og

Kommunalsjef oppvekst, der saker frå oppvekstsektoren blir tatt opp. I alle desse møta har det vore god dialog mellom partane. HTV har også deltatt i ei arbeidsgruppe om rekruttering i lag med to andre tillitsvalte og personalavdelinga.

HTV har samarbeida med dei ulike einingane om utlysing av stillingar, og kome med uttale til arbeidsgjevar om tilsettingar.

Lokale forhandlingar vart gjennomført i kapittel 3. Dette arbeidet starta i august med drøftingsmøte, og gjennomført i slutten av september. På hausten vart også kompetanseforhandlingar gjennomført, der dei lærarane som har fullført ny utdanning får forhandla fram eit kompetansetillegg. Alle som vart forhandla for i år fekk tillegget.

I oktober starta arbeidet med kommunebudsjettet. Her vart det tydeleg at oppvekstsektoren må kutte i budsjettet for 2024, noko som fører med seg nedbemanning. Dette arbeidet er noko som vil prege 2024.

Innstilling til vedtak:

Årsmeldinga 2023 for Utdanningsforbundet Stranda vert tatt til orientering.

2.1 Rekneskap 2023

	202313	00 - 202313	00 - 13		00 - 202213
LTAT	**skap e periode**	**skap HiÅ**	**jett HiÅ**	**i kroner**	**skap forrige**
EKTER					
3290 ngentinntekter)K	0,00	-158 466,39	0,00	158 466,39	-168 533,00
3430 nisasjonsinternt dd-inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	-5 573,81
3990 jon SPK-midler	0,00	-2 705,00	0,00	2 705,00	-8 312,00
Driftsinntekter	**0,00**	**-161 171,39**	**0,00**	**161 171,39**	**-182 418,81**
NADER					

5017 godtgjøring uten penger	0,00	38 550,00	0,00	-38 550,00	20 800,00
5239 ndekn.i form av ytelse	0,00	0,00	0,00	0,00	2 000,00
5400 dsgiveravgift	0,00	5 444,82	0,00	-5 444,82	3 227,95
Lønnskostnader	**0,00**	**43 994,82**	**0,00**	**-43 994,82**	**26 027,95**

6550 utstyr (pc,mobil,iPad,	0,00	12 280,00	0,00	-12 280,00	3 864,00
6630 e/lisenser IKT	0,00	0,00	0,00	0,00	829,00
6745 psordninger	0,00	36 075,00	0,00	-36 075,00	32 424,00
6746 jon frikjøp/SPK	0,00	2 557,73	0,00	-2 557,73	0,00
6780 rar uten oppg.plikt	0,00	0,00	0,00	0,00	2 500,00
6800 og kontorrekvisita	0,00	1 876,00	0,00	-1 876,00	2 028,00
6810 apir	0,00	748,00	0,00	-748,00	0,00
6840 r og abonnementer ret	0,00	900,00	0,00	-900,00	900,00
6841 teratur	0,00	398,00	0,00	-398,00	925,00
6890 se kontor- og kostnader	0,00	0,00	0,00	0,00	961,00
6940 kostnader, oksleie	0,00	129,00	0,00	-129,00	188,00
kontorhold mm	**0,00**	**54 963,73**	**0,00**	**-54 963,73**	**44 619,00**

7110 dtgjøring - trekk- og sfri	0,00	434,00	0,00	-434,00	616,00
7112 dtgjøring - trekk- og spliktig	0,00	65,72	0,00	-65,72	93,28
7142 letter	0,00	0,00	0,00	0,00	2 112,02
7143 e reiseutgifter	0,00	858,00	0,00	-858,00	2 087,44
7144 l	0,00	12 315,00	0,00	-12 315,00	1 483,35
7170 urslokale/møterom	0,00	2 400,00	0,00	-2 400,00	3 000,00
7171 rtning ved møter	0,00	33 074,58	0,00	-33 074,58	37 291,92
7172 keravgift møter/kurs	0,00	9 960,00	0,00	-9 960,00	0,00
7190 e kurs/møte ader	0,00	0,00	0,00	0,00	366,00
7320 nser markedsføring	0,00	1 888,00	0,00	-1 888,00	3 167,00
7321 eringsmateriell	0,00	4 822,50	0,00	-4 822,50	12 157,50
7422 sentasjon, gaver	0,00	37 953,02	0,00	-37 953,02	47 641,00
7790 ekostnader	0,00	0,00	0,00	0,00	606,40
reise mm	**0,00**	**103 770,82**	**0,00**	**-103 770,82**	**110 621,91**

TSRESULTAT	**0,00**	**41 557,98**	**0,00**	**-41 557,98**	**-1 149,95**

NSINNTEKTER OG
TNADER

8171 gebyr	0,00	133,00	0,00	-133,00	201,00
Finansposter	**0,00**	**133,00**	**0,00**	**-133,00**	**201,00**

esultat	**0,00**	**41 690,98**	**0,00**	**-41 690,98**	**-948,95**

RFØRINGER

8962 n. årsresult fri kapital	-41 690,98	-41 690,98	0,00		948,95
overføringer		**-41 690,98**	**0,00**		**948,95**

MOA REVISJON AS

Statsautorisert revisor – siviløkonom. Medlem av Den norske Revisorforening

Revisor- og
organisasjonsnummer:
NO 991 456 147 MVA

Langelandsveien 17
Pb 8025, Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Telefon 70 15 26 60

E-post post@moa-revisjon.no

Årsmøtet i
Lokallag 1525 Stranda
Utdanningsforbundet Møre og Romsdal

Revisjonsberetning 2023

Vi har gjennomgått regnskapet for 1525 Stranda, Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal for regnskapsåret 2023 som viser et underskudd på kr 41 690,98.

Arbeidet har bestått i verifikasjoner av balansestørrelser, herunder avstemming bankkonti, stikkprøvekontroll av bilag, samt vurdert de periodiseringer som er gjort frem til periodeslutt.

Vi har ved utførelsen av vårt arbeid ikke avdekket vesentlige feil eller mangler i det forelagte regnskapsmateriell.

Ålesund, 18.03.2024
Moa Revisjon AS

Marie Rindal
Statsautorisert Revisor

<u>Kommentar for budsjettresultatet</u>.
Det er eit større underskot i resultatet for innehavande år enn førre år. og det skyldast fleire ting. Vi fekk inneverande år eit lågare kontingentinntekt og driftsinntekt på ca, 20.000 kr. Det skuldast færre medlemmer i lokallaget. Styret vedtok i 2023 å auke styrehonorar til styremedlemmane frå kr 400 til 700.- pr møte. Dette fordi ein ønsker å satse på eit godt styre og gjere det meir attraktiv å vere med frå alle einingane. Ei anna auke er på innkjøp av digitale verktøy som ein del av nye system i UDF som krev nye programvarer og fornying av PC. Dette auka posten om kontorhald med ca, 10.000. Ei anna utgift har vore frikjøp til styremedlemmar som ikkje har rett til permisjon til kurs, samt deltakelse på Barnehagekonferansen.

Innstilling til vedtak:

Rekneskapen 2023 for Utdanningsforbundet Stranda vert godkjent.

Sak 3 Vedta retningslinjer for arbeidet i påfølgjande årsmøteperiode

- Jobbe for å få til eit best mogleg lønnsoppgjer for medlemmane våre.
- Jobbe med politisk påverknadsarbeid for å ivareta interessene til medlemmane våre.
- Jobbe med å utvide lønsstigen til lektor med tilleggsutdanning slik at også dei får kompetansetillegg for videreutdanning.
- Jobbe med å påverke bruk av stillingstitlar, kompetanseheving og kompetansetillegg i barnehagane, lokalt og i organisasjonen.

Innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtar retningslinjer for arbeidet i påfølgjande årsmøteperiode.

Sak 4 Behandle budsjett

	00 - 202213	
LTAT		
	skap forrige år	**jett 2024**
EKTER		
3290ngentinntekter)K	-168 533,00	-158 466,00
3430nisasjonsinternt dd-inntekter	-5 573,81	-5 573,00
3990jon SPK-midler	-8 312,00	-8 000,00
Driftsinntekter	**-182 418,81**	161 000,00
NADER		
5017godtgjøring uten enger	20 800,00	30 000,00
5239ondekn.i form av ytelse	2 000,00	2 000,00
5400dsgiveravgift	3 227,95	5 444,00
Lønnskostnader	**26 027,95**	35 444,00

6550utstyr (pc,mobil,iPad,	3 864,00	3 800,00
6630e/lisenser IKT	829,00	0,00
6745psordninger	32 424,00	36 075,00
6746jon frikjøp/SPK	0,00	2 557,73
6780rar uten oppg.plikt	2 500,00	0,00
6800 og kontorrekvisita	2 028,00	1 876,00
6810apir	0,00	700,00
6840r og abonnementer ret	900,00	0,00
6841teratur	925,00	0,00
6890se kontor- og kostnader	961,00	0,00
6940kostnader, oksleie	188,00	188,00
kontorhold mm	**44 619,00**	45 196,73

7110dtgjøring - trekk- og sfri	616,00	434,00
7112dtgjøring - trekk- og spliktig	93,28	65,00
7142letter	2 112,02	0,00
7143e reiseutgifter	2 087,44	858,00
7144l	1 483,35	12 315,00
7170urslokale/møterom	3 000,00	2 400,00
7171rtning ved møter	37 291,92	33 074,00
7172keravgift møter/kurs	0,00	9 960,00
7190e kurs/møte ader	366,00	0,00
7320nser markedsføring	3 167,00	1 888,00
7321eringsmateriell	12 157,50	4 822,00
7422sentasjon, gaver	47 641,00	37 953,00
7790ekostnader	606,40	0,00
reise mm	**110 621,91**	103 335,00

Innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet

Sak 5 Behandle saker innmeldt frå medlemmar og klubbar innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

Sak A): **Pensjonsalder for barnehagelærarar**

Helsefagarbeidarar har pensjonsalder på 65 år og dette bør òg gjelde barnehagelærarar. Yrket som pedagogisk leiar eller barnehagelærar er svært krevjande og det må gå an å nå pensjonsalder før ein

Innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner at dette vert ei prioritert sak for styret i komande periode.

Sak B): **Påverknaden dei økonomiske rammene har på oppvekstsektoren i Stranda kommune**

Vi er bekymra over at dei stramme økonomiske rammene skal ramme ressursane til elevar med ekstra behov. Dette vil i neste omgang gå ut over arbeidsmiljøet til lærarane fordi det er tungt å gå i ein kvardag der ein ser at elevar ikkje får det dei har behov for. Det er viktg at Utdanningsforbundet jobbar for at vi skal ha gode rammer slik at vi får utføre jobben vår på ein god måte.

Innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner at dette vert ei prioritert sak for styret i komande periode.

Sak C): **Strategisk plan for fleirspråklege barn i oppvekstsektoren i Stranda kommune**

Stranda kommune har mange fleirspråklege barn. Dette påverkar korleis vi må jobbe i barnehage og skule. Det er nødvendig med ei heilskapleg tenking rundt dette og Utdanningsforbundet i Stranda kan jobbe for å utvikle ein strategisk plan for dette arbeidet saman med kommunen.

Innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner at dette vert ei prioritert sak for styret i komande periode.

Sak 6 Val

Valnemnda har bestått av:

Karoline Emdal, Helstad barnehage, Barnehage

Grete Bjørdal, Sunnylven skule, Grunnskule

Under er ei oversikt over lokallagsstyret for inneverande år, og valnemnda si innstilling til nytt styre. Kandidatar som er innstilte frå valnemnda til dette årsmøtet, er merka med gult. Dei som ikkje er markert med gult er ikkje på val i år.

Styret ønsker å gjere ei intern rokkering der Bente Hole og Susanne Langelo Rødseth bytter roller i styret slik at Bente blir nestleiar og Susanne blir styremedlem og grunnskule-representant. Begge er vald for perioden 01.08.2023-31.07.2025. Styret ser det likevel som fornuftig pga. kontinuitet at leiar og nestleiar har ulik varigheit på sine valperiodar og ønsker difor å velje nestleiar for perioden 01.08.2024-31.07.2026. Leiar har valperiode til

31.07.2025. Bodil T. Lie blir innstilt som styremedlem og representant for barnehage i eit år, etter eige ønske.

Val av hovudtillitsvald er tatt ut av årsmøtet sine oppgåver, men kan likevel gjennomførast på årsmøtet. Hensikta er at flest mogleg får høve til å delta i val av hovudtillitsvald. Hovudtillitsvald har ein plass i lokallagsstyret i kraft av sitt verv som hovudtillitsvald, og er dermed ikkje personleg vald til styret.

Lokallagsstyret:
Inneverande år har styret hatt denne samansetninga:

Verv	Namn	Arbeidsstad	Medlemsgruppe	Periode
Lokallagsleiar	Per Johan Alnes	Stranda vidaregåande skule	Vidaregåande	2023-2025
Nestleiar	Susanne Langelo Rødseth	Ringstad skule	Grunnskule	2023-2025
Hovudtillitsvald	Siril Lillebø Ryssevik	Stranda ungdomsskule	Grunnskule	2023-2024
Styremedlem, leiarrepresentant	Magnar Tufte Tyssen	Sunnylven skule	Grunnskule	2023-2025
Styremedlem, videregåande-representant	Monica Standal Andreassen	Stranda videregåande skule	Videregåande	2022-2024
Styremedlem, grunnskule-representant	Susanne Langelo Rødseth	Ringstad skule	Grunnskule	2023-2025
Styremedlem, barnehage-representant	Bodil Tronstad Lie	Ringstad barnehage	Barnehage	2022-2024
Styremedlem, pensjonist-representant	Jens Vik	-	Pensjonist	2023-2024
1. vara styremedlem	Elin Grønningsæter Remme	Stranda videregåande skule	Videregåande	2022-2024
2. vara styremedlem	Marita Habostad	Tusenfryd barnehage	Barnehage	2022-2024

Valnemnda si innstilling til nytt styre:

Verv	Namn	Arbeidsstad	Medlemsgruppe	Periode
Lokallagsleiar	Per Johan Alnes	Stranda videregåande skule	Videregåande	2023-2025
Nestleiar	Bente Hole	Stranda ungdomsskule	Grunnskule	2024-2026
Hovudtillitsvald	Siril Lillebø Ryssevik	Stranda ungdomsskule	Grunnskule	2024-2026

Styremedlem, leiarrepresentant	Magnar Tufte Tyssen	Sunnylven skule	Grunnskule	2023-2025
Styremedlem, videregåande-representant	Vegard Riksheim Tandstad	Stranda videregåande skule	Videregåande	2024-2026
Styremedlem, grunnskule-representant	Susanne Langelo Rødseth	Ringstad skule	Grunnskule	2023-2025
Styremedlem, barnehage-representant	Bodil T. Lie	Ringstad barnehage	Barnehage	2024-2025
1. vara styremedlem	Sissel Mehl	Ringstad skule	Grunnskule	2024-2026
2. vara styremedlem				
3. vara styremedlem				

6.1. Val av tillitsvalde etter hovudavtalen i KS

Valnemnda si innstilling til vedtak:

Siril Lillebø Ryssevik, Stranda ungdomsskule, Grunnskule, vert vald som hovudtillitsvald for perioden 01.08.2024-31.07.2026.

6.2. Val av nestleiar i lokallagsstyret

Valnemnda si innstilling til vedtak:

Bente Hole, Stranda ungdomsskule, Grunnskule, vert vald som nestleiar for perioden 01.08.2024-31.07.2026.

6.3 Val av andre medlemmar til lokallagsstyret:

Valnemnda si innstilling til vedtak:

Vegard Riksheim Tandstad, Stranda videregåande skule, Videregåande, vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2024-31.07.2026.

Bodil Tronstad Lie, Ringstad barnehage, Barnehage, vert vald som styremedlem for perioden 01.08.2024-31.07.2025.

6.4. Val av tre varamedlemmar til lokallagsstyret:

Valnemnda si innstilling til vedtak:

Sissel Mehl, Ringstad skule, Grunnskule, vert vald som 1. vara medlem for perioden 01.08.2024-31.07.2026.

6.5. Val av valnemnd

Grete Bjørdal er vald til valkomitéen for perioden 01.08.2023-31.07.2025.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

6.5.1. Val av valnemnd

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Maria Møsland Melseth, Stranda videregåande skule, Videregåande, vert vald til valnemnda i lokallaget for perioden 01.08.2024-31.07.2026.

Bjørn Inge Drabløs, Stranda videregåande skule, Videregåande, vert vald til valnemnda i lokallaget for perioden 01.08.2024-31.07.2026.